

Johanna Godal Eidissen

# Ei undersøking av likskapar og forskjellar i idealpartnerpreferansar i Big Five-personlegdom og sosial dominansorientering.

Bacheloroppgåve i Psykologi  
Rettleiar: Thomas Haarklau Kleppesø  
Mai 2024



Johanna Godal Eidissen

# **Ei undersøking av likskapar og forskjellar i idealpartnerpreferansar i Big Five-personlegdom og sosial dominansorientering.**

Bacheloroppgåve i Psykologi  
Rettleiar: Thomas Haarklau Kleppesø  
Mai 2024

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitskap  
Institutt for psykologi



## **Forord og egenerklæring**

Denne bacheloroppgåva er skriven i samband med avslutninga av mine to år som psykologistudent ved NTNU i Trondheim. Prosjektet leiast av fyrsteamanuensis Thomas Haarklau Kleppestø, og er ein del av ei større forskingsgruppe under namnet «Sexual Conflict». Den valde problemstillinga var ein av tre valalternativ, som vart skisserte av Kleppestø samt professorane Mons Bendixen og Leif Edward Ottesen Kennair.

Eg har skrive oppgåva sjølv, men med inspirasjon frå bachelormøta som vart haldne av dei ovannemnde fagpersonane i innleiingsfasa til prosjektet. Litteraturen som har vorte nytta er frå psykologiske lærebøker, artiklar funne via søkjemotorane Oria og Google Scholar, eller i kjeldelistene til dei artiklane som vart funne der. Noko pensum vedlagt i bachelorgruppas plattform på Teams har også vorte nytta. Sjølve datainnsamlinga vart utført av grupper på to til tre studentar, som vart fordelte utover NTNU sine campus. Eg og mine to medstudentar besøkte primært førelesingssalar på Dragvoll. Vidare vart det utført ulike analyser av dataene i SPSS. Opplæring i framgangsmåtar for gjennomføring av rekoding av items, ulike statistiske analysar samt nyttige funksjonar i statistikkprogrammet fekk me av rettleiarane. Sjølve utføringa av rekoding, analysar, tolking og framstilling av dataen blei utført på eigenhand.

Eg ønskjer å takke Kleppestø for rettleiing, konstruktive tilbakemeldingar og støtte gjennom prosjektet. Utover dette ønskjer eg også å takke mamma for lærerike diskusjonar og refleksjonar om temaet, samt gjennomlesing på tampen av oppgåveskrivinga.

## **Samandrag**

Denne studien rettar søkjeljoset mot menneskjenes partnarpreferansar, ved å undersøkje samanhengane mellom eigne og idealpartnars psykologiske kvalitetar. Studentar i ulike førelesingssalar ved NTNU Trondheim sine campus vart informerte om studien, samt inviterte til å delta. Dei som ynskte dette fekk tilgang til eit nettbasert spørjeskjema, ved å skanne ein QR-kode som vart synt på storskjerm i dei besøkte salane. Undersøkinga bestod av totalt 136 spurnader, der 120 av desse målte Big Five-personlegdom, medan dei resterande 16 tok føre seg politiske verdiar i tråd med sosial dominansorientering (SDO). Studiens deltakarar bestod av 437 (68.7%) kvinner og 191 (30%) menn, der 8 (1.3%) ikkje definerte seg som korkje kvinne eller mann. Vidare vart det utført statistiske analyser av dataene, som blant synte tydelege tendensar til ønskje om likskapar i eigen og idealpartnars personlegdom og SDO. Personlegdomstrekket som skil seg ut er nevrotisisme, der lågare skårar ser ut til å vere ønskjelege. Likskap i eigen og idealpartnars SDO ser ut til å stå mest sentralt i valet av ein partnar, noko som vidare kan indikere viktigheita av fleire studiar av fenomenet i idealpartnarkontekst i framtida. Ein implikasjon ved studien er dermed mangel på komparative data knytt til nettopp dette, då andre demografiske forhold som potensielt kan syne andre tendensar ikkje identifiserast. Vidare kan dette svekkje denne studien sin generaliserbarheit.

## **Abstract**

This research focuses on individuals' partner preferences by exploring the correlations between personal psychological characteristics and such qualities in an theoretically ideal partner. Students across various lecture halls at the Norwegian University of Science and Technology's campuses in Trondheim were informed about the study and invited to participate. Those who were interested were given access to an online questionnaire by scanning a QR code projected in the lecture halls. The survey consisted of a total of 136 questions, with 120 measuring the Big Five personality traits, and the remaining 16 evaluating political values aligned with Social Dominance Orientation (SDO). The total number of participants consisted of 437 (68.7%) females, 191 (30%) males, and 8 (1.3%) who did not as either. Statistical analysis of the data revealed significant tendencies towards a preference for similarity in the personality traits and SDO between oneself and one's ideal partner. However, lower scores in neuroticism appeared to be desirable in a partner. Similarity in SDO seemed to play a pivotal role in partner selection, indicating the importance of further studies on this phenomenon within ideal partner contexts. A limitation of this study is the absence of comparative data on this specific aspect, as other demographic factors could potentially reveal different patterns that were not identified. This limitation may affect the generalizability of the findings in this particular study.

# **Ei undersøking av likskapar og forskjellar i idealpartnerpreferansar i Big Five-personlegdom og sosial dominansorientering.**

Personlegdom og partnerpreferansar er emne innan det psykologiske fagfeltet mange forskarar har interessert seg for i ei årrekkje, og jakta etter romantiske partnerar er eit tema dei aller fleste av oss i ulik grad tek stilling til i løpet av livet. Menneskjelege strategiar som nyttast i høve til val av ein partner er komplekse, og bør forståast ut frå ei samling av omfattande mekanismar. Faktorar som påverkar denne prosessen har djupe røter som kan forankrast i partnerstrategiar som har vore evolusjonært fordelaktige, men kan også i stor grad knytast til personlegdomspsykologiske komponentar (Buss & Schmitt, 1993; Buss & Barnes, 1986). Sjølv om element som kjønnsmessige ulikskapar, fysiske faktorar og partnerstrategiar som kjend spelar viktige roller i samband med valet av ein partner, står både personlegdomstrekk samt politiske verdiar sterkt i høve individs unike partnerpreferansar (Liu et al., 2018; Horwitz et al., 2023). Daglegtala kring tematikken omfattar velkjende ordtak som at like born leikar best, og at motsetnader tiltrekkjer kvarandre. Men er det eigentleg slik? Med utgangspunkt i denne spurnaden vil denne oppgåva undersøkje likskapar og forskjellar i idealpartnerpreferansar i Big Five-personlegdom og sosial dominansorientering.



## Teoretisk og empirisk grunnlag

### **Partnarpreferansar**

Partnarpreferansar er eit tema som har vore sentralt innan både personlegdoms- og evolusjonspsykologien i ei årrekke. Denne nemninga omhandlar summen av psykologiske mekanismar som motiverer menneskje til å søkje partnarar som har særskilde eigenskapar. Desse kvalitetane har store variasjonar, og omfattar gjerne eigenskapar knytt til utsjånad, åtferd samt sosiale karakteristikkar. Vidare kan variabiliteten skuldast artsrelaterte, kulturelle eller kjønnsmessige ulikskapar, men kan også forklarast ut frå individuelle eller kontekstavhengige faktorar (Conroy-Beam & Buss, 2016). Forsking syner at kvinner i større grad søkjer etter tryggleik i form av status og ressursar i ein partnar, medan menn tenderer i å vektleggje skjønneheit høgt blant anna grunna signalisering av ungdommelegheit, fruktbarheit og biologisk lønnsemd (Walter et al., 2020). Desse kjønnsmessige ulikskapane i seksuell seleksjon og partnarpreferansar kan blant anna forklarast ut frå evolusjonsbiologen Robert L. Trivers (1972, ref. i Buss & Schmitt, 1993) sin foreldreinvesteringsteori. Denne innverknadsrike teorien hevdar at det at kvinner investerer mykje i avkommet allereie frå svangerskapet også ber med seg ein viss risiko og selektivitet i høve til partnarval. Behovet for farskapstryggleik leiar difor til at denne prosessen pregast meir av konsekvensar for kvinner enn det gjer for menn. Frå eit evolusjonært perspektiv har korte seksuelle møte betydeleg mindre kostnadar for menn, noko som vidare kan forklare menns vektlegging av ein partnars fysiske attraktivitet samt evne til å få born. Denne differensielle investeringa kan altså forklare ulikskapar i seksuell seleksjon samt åtferd mellom dei ulike kjønna, og tydeleggjer viktigheita av å ta med personlegdomspsykologiske samt evolusjonære faktorar i undersøkinga av menneskjes komplekse partnarvalsstrategiar. Denne teorien er gjeldande for andre artar, som dømesvis store havnåler og sjøhestar, der hokjønnet ikkje investerer mest

(Jones & Avise, 2001). Der har prediksjonane vorte reverserte, men støttast framleis. Dermed er teorien høgst relevant i samband med forståinga av partnervalsstrategiar.

### **Seksuell seleksjon og seksuell strategiteori (SST)**

Det evolusjonære konseptet seksuell seleksjon skildrar artars seksuelle seleksjonsprosessar, og vart fyrst skildra av den velkjende britiske naturvitskapsforskaren Charles Darwin. Ifølgje han kan dette forståast ut frå to ulike formar for hovudmekanismar. Den eine omhandlar interseksuell seleksjon, medan den andre tek føre seg intraseksuell seleksjon. Interseksuell seleksjon refererer til dei særskilde trekkja som blir danna på bakgrunn av val av partner ein forplantar seg med, og baserer seg dermed på trekk hjå det motsette kjønn (Buss & Schmitt, 1993). Dette kan eksempelvis inkludere store fargerike fjørdrakter på hannpåfuglar, sjølv om det også kan by på farar ovanfor andre rovdyr for hannane (Petrie et al., 1991). Den interseksuelle konkurransen kan også omfatte bioestetiske fordelar som symmetri, noko som også er eit kjend aspekt innan menneskelege partnerpreferansar. Forsking forklarar nemleg at symmetri kan atterspegle ein slags stabilitet i individets utvikling, som vidare assosierast med fruktbarheit samt helsemessige og genetiske fordelar (Conroy-Beam & Buss, 2016).

Intraseksuell seleksjon, derimot, skildrar konkurransen om forplantingstilgang som føregår internt mellom medlemmene av same kjønn, noko som dømesvis kan påverkast av gevir, fysisk styrke og sosial dominans med meir. Det er ikkje slik at alle trekk naudsynlegvis handlar om korkje nytte eller funksjon. I mange tilfelle treng det ikkje ha noko annan forklaring enn ynsket om ein partner med eit appellerande utsjånad, og signalisering av fruktbarheit. Vidare omfattar dette bioestetikk og seksuell tiltrekking i større grad enn faktisk nytteverdi, i høve overlevingsevne eller liknande for eit eventuelt framtidig avkom.

Seksuell strategiteori (SST) byggjer vidare på den opphavlege foreldreinvesteringsteorien til Trivers, og går i tillegg i djupn på korleis individs partnervalsstrategiar forankrast i

evolusjonen. Fleire studiar utførd innan det evolusjonspsykologiske perspektivet viser at menneskjes reproduksjonsstrategiar er eit komplekst resultat av ei rekkje psykologiske mekanismar. Desse har vorte utvikla for å forsterke den reproduktive suksessen i eit stort spekter av miljømessige samt samfunnsøkonomiske forhold, og skildrast blant anna i SST (Buss & Schmitt, 1993). Ifølgje Kennair et al. (2022) har menneskje gjennom tidene utvikla eigenskapar som støttar omsorg utførd av to foreldre, noko som vidare legg til grunn for langvarige parforhold. Samstundes har både biologiske kjønn utvikla fleire ulike psykologiske strategiar, høvesvis for både kortvarige og langvarige seksuelle relasjonar. Vidare tydeleggjerast det at det er ein asymmetrisk distinksjon grunna den ulike graden av investering kvinner og menn legg i eit avkom. Ettersom kvinner investerer på eit betydeleg høgare nivå omsorgsmessig i ljøs av både graviditet og amming, forklarar det vidare påverknaden dette har i høve kjønnets seksuelle strategiar. Sidan menn har minimal forplikting til avkommet frå naturens side, vil dei dermed oftare investere i forhold som er kortsiktige samt søkje etter fleire seksuelle moglegheiter utan vidare vurdering av forplikting ovanfor slike partnarar. Kvinner, derimot, har på si side høg grad av investering i eit avkom, og vil dermed ofte leggje meir i sine vurderingar av seksuelle partnarar. Dette kan vidare forklare kvifor kvinner oftare kjenner på negative kjensler og anger etter uforplikta sex, blant anna grunna ofte knytt til det å bli forlate åleine med eit avkom, som ein del av sin natur. (Fernandes et al., 2016; Kennair et al., 2022).

## **Personlegdom**

Personlegdom er eit omfattande psykologisk fagfelt, og kan definerast som «settet av psykologiske eigenskapar og mekanismar i individet som er organiserte og relativt varige og som påverkar hans eller hennar interaksjonar eller tilpassingar til dei intrapsykiske, psykiske og sosiale miljøa» (Larsen et al., 2020, s. 3). «Normal» personlegdom målast gjerne etter

femfaktormodellen (The Big Five). Denne modellen er ein statistisk taksonomi som har vorte utarbeidd grundig over ei årrekkje, og kan reknast som eit nyttig verktøy og teoretisk rammeverk globalt i forståinga samt predikasjonen av menneskjes åtferd. Dette inkluderer blant anna prediktorar særskild knytt til partnerpreferansar. Femfaktormodellen inkluderer fem overordna domene, som vidare består av fleire fasettar og items (McCrae & John, 1992). Kvart individ vil dermed få ein skåre i tråd med ein skala på kvart av desse personlegdomstrekkja ved testing, og omtalast gjerne som høge, låge eller moderate (Costa et al., 1991). Denne personlegdomspsykologiske tilnærminga gjer det dermed mogleg å få tydingsfull innsikt i individs unike personlegdom, samstundes som ein vidare kan undersøkje likskapar og ulikskapar i høve menneskjes idealpartnerpreferansar på holistisk vis.

### **Utdjuping av personlegdomstrekkja i femfaktormodellen:**

#### ***Nevrotisisme***

Nevrotisisme assosierast gjerne med emosjonell instabilitet eller sårbarheit, og er ein av dei fem store personlegdomstrekkja psykologien ofte opererer med. Trekkjet måler individs grad av emosjonell ustabilitet, og i motsetnad til dei andre fire domenane, tenderer menneskje i å føretrekkje ein partner med lågare skårar innan dette trekkjet enn i eigen personlegdom. Fleire studiar syner at individ ofte tenderer i å søkje partnerar som er mindre nevrotiske enn seg sjølv, blant anna grunna ønskje om å ha ein partner som kan tilby tryggleikskjensle i form av emosjonell stabilitet og støtte (Costa et al., 1991). Høge skårar innan dette personlegdomstrekkjet indikerer dømesvis høgare førekomst av negative kjensler, otte, sjølvdestruktivheit, sårbarheit og emosjonell ustabilitet (McCrae & John, 1992). Dette assosierast vidare med høgare sårbarheit for utfordringar relatert til mental helse (Costa & McCrae, 1995). Menneskje føretrekkjer gjerne partnerar som utfyller ein sjølv (Buss & Barnes, 1986), noko som vidare kan forklare kvifor dette trekkjet avviker frå dei andre trekkja

når det gjeld søken etter personar med like eller høgare skårar enn seg sjølv (Liu et al., 2018). Høge skårar under dette domenet kan altså indikere reduserte eigenskapar i samband med å handtere krevjande og stressande situasjonar, som vidare kan ha negativ innverknad på livskvaliteten (Suls & Martin, 2005). Likevel syner det seg at folk framleis tiltrekkjast av ein viss grad av dette personlegdomstrekkjet, og kan moglegvis skuldast menneskjes trong for empati og forståing for kvarandre sine emosjonelle behov (Fletcher et al., 1999).

### ***Ekstroversjon***

Ekstroversjon har monaleg innverknad på sosiale interaksjonar, og er difor også sentralt i høve partnarpreferansar. Dette personlegdomstrekkjet skildrast gjerne med karakteristikkar som sosiabilitet, pratsemd, energi og positive kjensler (McCrae & John, 1992). Forsking syner at menneskje tenderer i å søkje etter partnarar som syner høgare grad av ekstroversjon, samanlikna med eigne personlegdomstrekk (Figueredo et al., 2006). Utover dette syner også studiar at ekstroverte individ vektlegg potensielle partnarars attraktivitet i høve utsjånad, økonomiske status samt utdanningsnivå, høgare enn personar som ikkje skårar så høgt på ekstroversjon (Dibaj et al., 2014). Dette kan truleg ha ein samanheng med ynsket om ein partnar som kan vere ein del av deira ideelle livsstil, både økonomisk og utsjånadmessig, då dette vidare kan leggje til rette for eit sosialt og opplevingsfylt liv. Ekstroverte individ har altså ein tendens til å vere meir sosiale, samstundes som dei gjerne er meir energiske og spenningssøkjande (McCrae & John, 1992), og vil dermed ikkje så utenkjeleg også søkje etter ein partnar som kan ta del i ein slik type livsstil.

## ***Openheit***

Openheit skildrar kva for ein grad av vilje ein person har når det gjeld å oppsøkje nye erfaringar eller det ukjende, samt syning av interesse knytt til kunst, poesi, kultur eller liknande (McCrae & John, 1992). Individ med høg grad av openheit tenderer i å verdsetje slike kvaliteter i andre også, og søker truleg difor også partnerar som er nyfikne samt opne i møtet med nye kulturar, tankar og inntrykk (Botwin et al., 1997). Dette kan indikere ynsket om å ha ein partner med felles verdiar og livsstil. Høg grad av openheit for nye erfaringar kan vidare vere med på å skape eit forhold prega av personleg vekst, men også ha innverknad på dynamikken i ein djupare kjenslemessig relasjon. Personlegdomstrekkjet ser dermed ut til å kunne ha innverknad på kor mykje tilhugen eit individ har til ein partner sine trekk, verdiar samt interesser, og vidare vere eit trekk folk gjerne vektlegg i ein ideell partner.

## ***Omgjengelegheit***

Individ som har høge skårar på dei ulike fasettane innan dette personlegdomsdomenet innehar medmenneskelege kvalitetar, og tenderer også i å verdsette omgjengelege kvalitetar som det å vere samarbeidsviljug, støttande og forståingsfull høgt i ein partner (Buss & Barnes, 1986). Dette kan skuldast omgjengelege menneskjes evne til å setje andre framfor seg sjølv, som dømesvis inkluderer kvalitetar som sympati, takksemd, altruisme, og beskjedenheit (McCrae & John, 1992). Vidare kan det også potensielt forklarast ut frå trongen for eit harmonisk forhold med lågt konfliktnivå, samt preferansar knytt til eit likt verdisyn i høve empati og omsorgsfullheit i mellommenneskelege relasjonar. Likevel er ikkje ynsket om å ha ein meir omgjengeleg partner enn det ein sjølv er unikt for personar med høge omgjengelegheitsskårar. Forsking syner nemleg ein tendens til at folk generelt sett søker meir omgjengelege partnerar enn det dei sjølve er (Figueredo et al., 2006).

### ***Planmessigheit***

Planmessigheit omfattar ei rekkje kvaliteter som blant anna er relaterte til orden, produktivitet og pålitelegheit, og har også innverknad på individs partnerpreferansar (McCrae & John, 1992). På gruppenivå føretrekkjer folk gjerne partnerar som er like eller meir planmessige (Liu et al., 2018), og har ein sentral påverknad i søkjen etter ein partner. Utover dette syner forskning at planmessige individ gjerne ser etter organiserte partnerar som er opne for nye opplevingar, samstundes som dei innehar kvalitetar som ansvarsfullheit og pålitelegheit (Botwin et al., 1997). Dette syner igjen at menneskjes kompleksitet og unike natur påverkar menneskjes individuelle preferansar i jakta på ein romantisk partner, og kan søkje etter ein stor variasjon av eigenskapar. Det ser altså ut til at folk gjerne føretrekkjer å ha nokon å dele egne verdiar kring planmessige kvaliteter med, og kan moglegvis også indikere ein viss preferanse retta mot pålitelegheit og stabilitet i romantiske relasjonar med andre.

### **Sosial dominansorientering (SDO)**

Sosial dominansorientering kan skildrast som eit mål på eit individs ønskje om å enten oppretthalde eller etablere ein hierarkisk struktur mellom grupper i samfunnet, uansett kva for ein posisjon ein sjølv er i innan denne samfunnsinndelinga (Sidanius et al., 2016). Ifølgje Kleppstø et al. (2020) kan orienteringa til ein viss grad forankrast i evolusjonære perspektiv, i den forstand at det å manøvrere seg i statushierarki er naturleg for menneskje. Denne orienteringa kan dermed i grove trekk fange opp dei individuelle ulikskapane i høve til ynsket om ein vertikal eller horisontal samfunnsstruktur. Ein vertikal struktur vil altså grovt sett illustrere ein samfunnsoppbygging basert på grunntanken om at «alle er sin eigen lykkes smed», medan ein horisontal struktur på si side byggjer på vektlegginga om likskap. Forsking syner at menn tenderer i å skåre høgare enn kvinner innan SDO på tvers av ulike kulturar og samfunn, noko som vidare kan referere til distinksjonane mellom kjønns seksuelle strategiar

(Kleppestø et al., 2020). Ettersom menn har ein intraseksuell konkurranse om å få høgst mogleg tilgang til fertile kvinner, forklarar studien at dette også kan ha innverknad i ynsket om ein hierarkisk samfunnsstruktur. Dette kan forklarast med at menn gjerne dominerer i denne intergruppekonkurransen, og vidare kan forsøkje å få tilgang til ressursar som kan ligge til grunn for reproduksjon og sosial dominans (Kleppestø et al., 2020). Ettersom politiske verdiar syner seg å vere det høgste korrelatet mellom partnerar (Horwitz et al., 2023), kan dette difor kanskje også reflekterast i individs val av ein idealpartner. Dette kan moglegvis indikere at SDO kan vere ein sentral komponent i menneskjes partnerpreferansar, men dette fenomenet har enno vorte forska svært lite på i idealpartnersamanheng.

### **«Samgifte»/assortativ paring**

Samgifte, eller assortativ paring, er omgrepet som skildrar fenomenet som inneber at menneskje tenderer i å velje seg partnerar med liknande karakteristikkar som ein sjølv innehar på dei fleste område, og er eit konsept som blant anna har interessert forskarar innan det psykologiske samt evolusjonære fagfeltet. Årsaka til denne tendensen kan blant anna forklarast med at likskapar mellom individ kan resultere i auka sannsyn for reproduttiv suksess samt harmoni i relasjonen. Vidare kan det vere med på å sikre sosial føreseielegheit og stabilitet (Buss, 1985). Dette fenomenet syner seg å vere gjeldande for ei rekkje psykologiske aspekt, derav sosial dominansorientering og Big Five-personlegdom, der studiar indikerer at likskapar i stor grad tiltrekkjer (Liu et al., 2018; Horwitz et al., 2023). Denne psykologiske likskapssøken refererer til assortativ paring, medan preferansar retta mot trekk hjå ein partner som komplementerer egne kvalitetar kan reknast som disassortativ paring (Horwitz et al., 2023). Likevel syner forskning at det er den assortative paringa som tenderer i å dominere i menneskjes jakt etter ein partner (Buss, 1985).



## **Føremålet med studien**

Målet med studien er å undersøkje likskapar og forskjellar i menneskjes idealpartnarar, i ljøs av sosial dominansorientering samt dei fem store personlegdomstrekkka i den velkjende dimensjonale taksonomien Big Five Personality. Tilsynelatande har det vorte utført lite forskning på eigen personlegdom i høve til idealpartnarpreferansar heilt ned på fasettnivå innan same populasjon (studentar) i Norden. Det ser heller ikkje ut til å vere studiar på idealpartnarpreferansar i ljøs sosial dominansorientering i det heile, trass høge korrelat mellom partnarars politiske verdiar. Kombinasjonen mellom forskning som allereie finnes på fagområdet, samt utføring av ei nettbasert surveyundersøking og ulike statistiske analysar, la grunnlaget for eit vidare djupdukk på feltet. Denne oppgåva vil med utgangspunkt i dette rette sitt søkjeljos mot undersøking av likskapar og forskjellar i idealpartnarpreferansar i Big Five-personlegdom og sosial dominansorientering.

## **Problemstilling:**

Ei undersøking av likskapar og forskjellar i idealpartnarpreferansar i Big Five-personlegdom og sosial dominansorientering.

## **Metode**

### ***Etikk***

Spørjeskjemaet som vert nytta i studien er i tråd med etiske lovverk, grunnprinsipp og retningsliner. Det var heilt frivillig å deltaka i undersøkinga, og hadde både fritt og informert samtykke. Jamfør det fyrste leddet i Personopplysningslovens §8, hadde dei også til ein kvar tid moglegheita til å tilbaketrekkje dette undervegs om ønskjeleg (Personopplysningsloven, 2018). Deltakarane gav fyrst samtykke på siste side av undersøkinga ved å trykke «ja» til dette. Studien er godkjend av den interne forskingskomitéen ved det psykologiske instituttet

ved NTNU. Utover dette vart korkje personidentifiserande opplysningar eller IP-adresser registrert ved utfylling, for å sikre forskingsobjektas anonymitet. Dette er med på å sikre forskingsobjektet sine rettar, og at informasjonshandsaminga føregår på etisk vis. Funn som bli gjort frå studien vil bli presenterte på internasjonale konferansar og i artikkelform av forskingsgruppa, noko deltakarane også har vorte informert om.

### ***Forskningsdesign og framgangsmåte***

Survey vart det valde forskingsdesignet i samband med undersøkinga av likskapar og forskjellar i idealpartnerpreferansar i Big Five-personlegdom og sosial dominansorientering. Det tok omlag 15 minuttar å svara på alle spurnadene i spørjeskjemaet, og alle respondentane i studien var studentar. Datainnsamlingsstrategien som vert nytta i denne studien var eitt tilgjengelegheitsutval, blant norske studentar ( $N = 666$ ) ved NTNU Trondheim. Målet var å rekruttere 1000 studentar til studien, og det vart totalt 637 deltakarar med i studien etter 29 av deltakarane vart fjerna. Årsaka til dette var at vedkomne ikkje gav samtykke til at deira respons skulle nyttast i forskinga ved slutten av undersøkinga. Det var høvesvis også eit krav om å vere 18 år eller eldre for å delta. Utover dette vart dei respondentane som ikkje hadde svara på 75% av alle items innan kvart personlegdomsdomene vart fjerna frå studien, for å unngå skeivskapar i dataene.

For å forsøkje å oppnå målet om å rekruttere 1000 studentar til studien, med mest mogleg likevekt fordelt mellom kvinner og menn, vart datainnsamlinga utført ved at grupper på 2-3 studentar informerte om og inviterte til deltaking til studien i ulike førelingssalar på NTNU sine campus. Det vert nytta eit anonymt elektronisk spurnadsskjema som allereie var ferdig utvikla av forskingsgruppa «Sexual Conflict», med nokre innspel frå bachelorgruppa, i samband med å undersøkje likskapar og forskjellar i idealpartnerpreferansar i Big Five-personlegdom og sosial dominansorientering. Studentane fekk tilgang til undersøkinga via ein

QR-kode som vart synt på lerretet fremst i salane som vart besøkte. Målet med dette var å invitere flest mogleg studentar frå eit mangfald av studieprogram, for å innhente data frå eit mest mogleg variert utval frå den valde populasjonen. Deltakarane fekk også moglegheit til å vere med i trekninga om å vinne eitt gåvekort med ein verdi på kr. 300, ved å fylle inn eposten sin i slutten av spørjeskjemaet. Dette vart ikkje kopla opp til respondentane sine svar, med omsyn til personvernet og anonymiteten deira.

Deltakarane i studien fylte fyrst ut svar knytt til kjønn, sivilstatus og alder før dei vidare svarte på spurnader knytt til eigen personlegdom. Vidare svarte dei på spurnader retta mot deira eigne teoretisk ideelle partner. Rekkjefølgja på spurnadene vart randomisert, for å unngå rekkjefølgjeeffekt i form av konformitet, monotone svaralternativsval eller liknande. Spørjeskjemaet av totalt 136 spurnader, med 24 spurnader til kvart personlegdomsdomene samt 16 retta mot sosial dominansorientering.

### ***Deltakarar***

Det endelege utvalet bestod av 437 (68.7%) kvinner og 191 (30%) menn, samt 8 (1.3%) som korkje definerer seg som kvinne eller mann. Respondentanes sivilstatus var oppgjeve og synte at 15.3% av utvalet ektefelle eller sambuar, medan 27.4% rapporterte at dei var i eit forpliktande forhold med ein person. Vidare oppgav heile 49.8% at dei var single (dater ingen, og er for tida ikkje i noko forhold), medan berre 6.3% av respondentane var i uforpliktande forhold og 1.1% svarte «annet». Respondentanes alder strakk seg frå 19 til 58 år, der gjennomsnittsalderen var på 22 år ( $M = 22.06$ ,  $SD = 3.92$ ).

### ***Variablar og måleinstrument***

Idealpartnerpreferansar er den avhengige variabelen i prosjektet, medan psykologiske kvalitetar i form av Big Five-personlegdomstrekk samt sosial dominansorientering (SDO) er

den uavhengige. Idealpartnerpreferansar vart operasjonalisert til spurnadene i undersøkinga, som tok føre seg psykologiske kvalitetar og politiske verdiar hjå ein teoretisk ideell partner. Desse personlegdomstrekka refererert til dei fem store dimensjonane av normal personlegdom som målast i studien, medan SDO på si side inneber individs tilhug for ein hierarkisk struktur og sosial dominans ovanfor grupper. Ettersom studiens respondentar også fekk same spurnader retta mot seg sjølv la dette grunnlag for vidare undersøking av likskapar og forskjellar idealpartnerpreferansar, i forhold til eigne psykologiske kvalitetar og politiske verdiar.

Svar på spurnader direkte knytt til dei fem store personlegdomstrekka, samt sosial dominansorientering, vart målt frå 1 (heilt usamd) til 5 (heilt samd). Kvar spurnad vart dermed målt etter Likert-skala, som er på ordinalnivå og legg til rette for ei brei nyansering i kvantifiseringa av forskingsobjektas personlegdom og SDO (Meltzoff & Cooper, 2018). Dette la vidare eit grunnlag for å gå i djupn på bacheloroppgåva si problemstilling. Alle spurnadene vart formulerte med utgangspunkt i sosial dominansorientering (Ho et al., 2015) samt dei domenene og fasettene Big Five-personlegdom består av (Maples-Keller et al., 2019). Det var også dette som vart måleinstrumenta i studien, i tillegg til analytiske verktøy i SPSS Statistics. SPSS blei nytta for å identifisere tendensar i høve partnerpreferansar, samt for å organisere, oppsummere og vidare presentere dataene i tabell- og tekstform.

### ***Statistiske prosedyrar***

Programvara SPSS vart som tidlegare nemnt nytta som verktøy i gjennomføringa av alle statistiske analysar. For å undersøkje kjønnsfordeling, sivilstatus, aldersfordeling og ulike gjennomsnitt vart deskriptiv statistikk analysert i programmet. Vidare blei det utført reliabilitetsanalysar (Chronbach's Alpha) for å undersøkje den indre konsistensen mellom variablane innan kvart personlegdomsdomene og SDO, både retta mot deltakarane sjølve samt

idealpartnar. Utover dette blei det også utført t-testar og ei rekkje korrelasjonsanalysar. Det vert blant anna utført meir overordna korrelasjonsanalysar av respondentanes sjølvvurderingar og vurderingar av idealpartnars personlegdom og SDO, samt i samanheng med kvarandre. I tillegg vart det utført korrelasjonsanalysar mellom eigen og idealpartnars personlegdom på fasettnivå.

## **Resultat**

### **Tabell 1**

*Deskriptiv statistikk, korrelasjonar, samt ulikskapar mellom sjølvrapportering og rapportering av idealpartnarpreferansar (N = 626-636)*

Trekk	Sjølvvurdering			Vurdering idealpartnar		Preferanselikskapar		Aspirasjonsassortative preferansar				
	N	M	SD	$\alpha$	M	SD	$\alpha$	r	$M_d$	CI	t	d
N	628	2.84	.58	.80	2.10	.41	.50	.16**	.74	[.70, .80]	28.60	1.14
E	627	3.40	.59	.83	3.63	.41	.75	.51**	.23	[-.27, -.19]	-11.14	.45
O	626	3.36	.48	.66	3.45	.41	.68	.56**	.09	[-.13, -.06]	-5.65	.23
A	627	3.94	.45	.26	4.17	.39	.33	.60**	.23	[-.26, -.20]	-14.95	.60
C	627	3.69	.47	.76	4.09	.36	.76	.35**	.40	[-.44, -.36]	-20.98	.84
SDO	621	2.79	1.01	.81	2.92	.98	.81	.82**	.13	[-.18, -.09]	-5.64	.23

*Merk: N = utval .  $M_d$  (mean difference), CI (95% konfidensintervall for  $M_d$ ), d (Cohen's d: Refererer til effektstorleik; ulikskapar mellom sjølvrapportering og rapportering av idealpartnarpreferansar innan same trekk).*

N, Neuroticism (Nevrotisisme); E, Extraversion (Ekstroversjon); O, Openness (Openheit); A, Agreeableness

(Omgjengelegheit); C, Conscientiousness (Planmessigheit) jf. forkortingar i Big Five Personality. SDO, Social Dominance

Orientation (Sosial dominansorientering). \* $p < .05$ . \*\* $p < .001$

### **Deskriptiv statistikk - tabell 1**

Respondentane rapporterte høgare gjennomsnittsskårar i nevroisisme i sjølvvurderinga ( $M = 2.84$ ,  $SD = .58$ ), samanlikna med vurderinga av idealpartnar. Vidare var desse skårane lågare under resten av dei psykologiske kvalitetane; ekstroversjon ( $M = 3.40$ ,  $SD = .59$ ), openheit ( $M = 3.36$ ,  $SD = .48$ ), omgjengelegheit ( $M = 3.94$ ,  $SD = .45$ ), planmessigheit ( $M = 3.69$ ,  $SD = .47$ )

og SDO ( $M = 2.79$ ,  $SD = 1.01$ ). Tabellen syner dermed høgare gjennomsnittsskårar i vurderinga av idealpartnar enn i sjølvvurderinga under SDO ( $M = 2.92$ ,  $SD = .98$ ), samt domenane ekstroversjon ( $M = 3.63$ ,  $SD = .41$ ), openheit ( $M = 3.45$ ,  $SD = .41$ ), omgjengelegheit ( $M = 4.17$ ,  $SD = .39$ ) og planmessigheit ( $M = 4.09$ ,  $SD = .36$ ). Nevrotisisme avviker, på si side, frå dei andre komponentane med lågare gjennomsnittsskåre i vurdering av idealpartnar enn i sjølvvurderinga ( $M = 2.10$ ,  $SD = .41$ ). Oppsummerande ser det ut til at mange tenderer i å ønskje likskap, eller komplementerende kvalitetar, i ekstroversjon ( $d = .45$ ), openheit ( $d = .23$ ), omgjengelegheit ( $d = .60$ ), planmessigheit ( $d = .84$ ) samt SDO ( $d = .23$ ), medan forskjellar er å føretrekkje med stor forskjell mellom eigen og idealpartnars nevroisisme ( $d = 1.14$ ).

### **Korrelasjonar**

Tabell 1 syner også samanhengar knytt til likskapar mellom respondentanes vurderingar av seg sjølv og idealpartnar. Alle korrelasjonane var signifikante, både når det gjaldt Big Five-personlegdomstrekk og SDO ( $.16 \leq .82$ ,  $p < .001$ ). Deltakaranes rapporterte partnarpreferansar viser altså tydelege tendensar til at dei føretrekkjer at ein idealpartnars personlegdom er lik deira eigen. Når der gjeld sosial dominansorientering (SDO), syner denne høgst korrelasjon mellom sjølvvurdering og vurdering av idealpartnar ( $r = .82$ ,  $p < .001$ ). På den andre sida finn ein lågast korrelasjon under nevroisisme (N), mellom dei same gruppene ( $r = .16$ ,  $p < .001$ ). Vidare syner tabellen følgjande korrelasjonar mellom eigne og teoretisk idealpartnars personlegdomstekk; ekstroversjon ( $r = .51$ ,  $p < .001$ ), openheit ( $r = .56$ ,  $p < .001$ ), omgjengelegheit ( $r = .60$ ,  $p < .001$ ) og planmessigheit ( $r = .35$ ,  $p < .001$ ).

## Tabell 2

Korrelasjonsmatrise av Big Five-personlegdomstrekk ( $N = 636$ ) og sosial dominansorientering ( $N = 631$ ) mellom respondentanes egne skårar

Variabel	1	2	3	4	5	6
Nevrotisisme S (1)	--	-.42*	-.05	-.04	-.31**	-.10*
Ekstroversjon S (2)		--	.15**	.05	.19**	.07
Openheit S (3)			--	.13**	-.05	-.34**
Omgjengelegheit S (4)				--	.25**	-.43**
Planmessigheit S (5)					--	.02
SDO S (6)						--

Merk. S (sjølv). \* $p < .05$ . \*\* $p < .001$

## Tabell 3

Korrelasjonsmatrise av Big Five-personlegdomstrekk ( $N = 636$ ) og sosial dominansorientering ( $N = 631$ ) for respondentanes vurdering av personlegdomstrekk og politiske haldningar i ein teoretisk idealpartnar

Variabel	1	2	3	4	5	6
Nevrotisisme P (1)	--	-.41**	-.20**	-.41**	-.57**	.16**
Ekstroversjon P (2)		--	.20**	.18**	.27**	-.05
Openheit P (3)			--	.27**	.13**	-.43**
Omgjengelegheit P (4)				--	.37**	-.48**
Planmessigheit P (5)					--	-.07
SDO P (6)						--

Merk. P (partnar). \* $p < .05$ . \*\* $p < .001$

## Oppsummering av korrelasjonsmatriser - tabell 2 og 3

Tabell 2 undersøker korrelasjoner i respondentenes egne personlegdomstrekk og SDO, medan tabell 3 undersøker korrelasjoner i respondentenes vurderingar av same variablar knytt til deira teoretiske idealpartnarar. Desse analysane, saman med effektstorleikane (Cohens  $d$ ) frå t-testen i tabell 1, illustrerer tydelege tendensar til at folks idealpartnarar ofte enten komplementerer eller har høgare personlegdomsskårar under Big Five-trekka. Nevrotisisme skil eg ut frå dei andre trekka, der sjølvrapporterte trekk kontra ønskja personlegdomstrekk i ein idealpartnar tydeleg syner tendensar til preferansar knytt til lågare nevrotilisismeskårar hjå ein ideell partnar. Den statistisk signifikante negative korrelasjonen mellom eigen nevrotilisisme og planmessigheit ( $r = -.31, p < .001$ ), endrast betydeleg i høve til idealpartnars nevrotilisisme og planmessigheit ( $r = -.57, p < .001$ ). Desse tendensane gjeld høvesvis ikkje for SDO, då korrelatet mellom eigen nevrotilisisme og SDO ( $r = -.10, p < .05$ ) og idealpartnars nevrotilisisme og SDO ( $r = .16, p < .001$ ).

Når det gjeld idealpartnars SDO i forhold til Big Five-trekka ser ein sterkare korrelasjonar mellom alle trekka enn i eigenrapporteringa. Dei sjølvrapporterte dataene syner svake positive korrelasjonar mellom SDO og ekstroversjon ( $r = .07, p > .05$ ) samt planmessigheit ( $r = .02, p > .05$ ), og statistisk signifikante moderate negative korrelasjonar mellom SDO og openheit ( $r = -.34, p < .001$ ) samt omgjengelegheit ( $r = -.43, p < .001$ ). Idealpartnarpreferansane, derimot, syner svake negative korrelasjonar mellom SDO og ekstroversjon ( $r = -.05, p > .05$ ) samt planmessigheit ( $r = -.07, p > .05$ ), og statistisk signifikante moderate negative korrelasjonar mellom SDO og openheit ( $r = -.43, p < .001$ ) samt omgjengelegheit ( $r = -.48, p < .001$ ).



## Tabell 4

Korrelasjonstabell av Big Five-personlegdomstrekket nevrotisme (N), ekstrovertsjon (E), openheit (O), omgjengelegheit (A) og planmessigheit (C) på fasettnivå mellom egne skårar og idealpartnerpreferansar (N = 631-636)

	N1 p	N2 p	N3 p	N4 p	N5 p	N6 p
N1 s	<b>.03</b>	-.04	.08*	.09*	.03	-.18**
N2 s	.05	<b>.31**</b>	.14**	.14**	.03	-.08*
N3 s	.10*	.09*	<b>.28**</b>	.21**	< -.01	-.05
N4 s	.11**	.09*	.21**	<b>.29**</b>	.01	.01
N5 s	-.03	-.02	.01	-.02	<b>.34**</b>	< .01
N6 s	-.08	.02	.01	.05	.09*	<b>-.05</b>
	E1 p	E2 p	E3 p	E4 p	E5 p	E6 p
E1 s	<b>.27**</b>	.33**	-.02	.19**	.20**	.26**
E2 s	.29**	<b>.60**</b>	< -.01	.22**	.25**	.27**
E3 s	.09*	.06	<b>.16**</b>	.03	.06	.18**
E4 s	.17**	.20**	-.01	<b>.33**</b>	.28**	.24**
E5 s	.21**	.24**	.05	.23**	<b>.61**</b>	.30**
E6 s	.20**	.20**	.00	.12**	.16**	<b>.44**</b>
	O1 p	O2 p	O3 p	O4 p	O5 p	O6 p
O1 s	<b>.34**</b>	.26**	.07	.01	.14**	.06
O2 s	.26**	<b>.68**</b>	.19**	.07	.41**	.09*
O3 s	.04	.10*	<b>.16**</b>	.07	.08*	.06
O4 s	-.04	.12**	.05	<b>.30**</b>	.05	.03
O5 s	.14**	.37**	.14**	.03	<b>.61**</b>	.01
O6 s	.06	.11**	.01	.05	.05	<b>.59**</b>
	A1 p	A2 p	A3 p	A4 p	A5 p	A6 p
A1 s	<b>.43**</b>	.12**	.22**	.16**	.03	.13**
A2 s	.12**	<b>.56**</b>	.20**	.36**	.23**	.11**
A3 s	.26**	.20**	<b>.41**</b>	.27**	.14**	.29**
A4 s	.14**	.34**	.20**	<b>.52**</b>	.17**	.13**
A5 s	.02	.16**	.09*	.15**	<b>.56**</b>	.09*
A6 s	.19**	.19**	.31**	.26**	.14**	<b>.61**</b>
	C1 p	C2 p	C3 p	C4 p	C5 p	C6 p
C1 s	<b>.13**</b>	.12**	.08*	.20**	.12**	.10*
C2 s	.07	<b>.34**</b>	.08	.13**	.04	.15**
C3 s	.20**	.19**	<b>.34**</b>	.08*	.13**	.21**
C4 s	.18**	.10*	.15**	<b>.32**</b>	.17**	.13**
C5 s	.06	.10*	.13**	.11**	<b>.14**</b>	.13**
C6 s	.02	.08	.15**	.00	.10*	<b>.31**</b>

Merk. \* $p < .05$ . \*\* $p < .001$  (s = sjølv, p = partner).

N1 (angst), N2 (fiendtleghet), N3 (depresjon), N4 (sjølvbevisstheit), N5 (impulsivitet), N6 (sårbarheit).

E1 (varme), E2 (sosiabilitet), E3 (sjølvmarkering), E4 (aktivitet), E5 (spenningssøking), E6 (positive kjensler).

O1 (fantasi), O2 (estetikk), O3 (følelsar), O4 (handlingar), O5 (idear), O6 (verdiar).

A1 (tillit), A2 (rettframheit), A3 (altruisme), A4 (føyelegdom), A5 (beskjedenheit), A6 (følsemd).

C1 (kompetanse), C2 (orden), C3 (pliktruskap), C4 (prestasjonsstreben), C5 (sjølvdisiplin), C6 (betenksemd).

Tjukk skrift syner korrelasjonar mellom eigenvurdering og vurdering av idealpartner innan same fasett.

## **Oppsummering av tabell 4**

Tabellen syner tydelege tendensar til at respondentane føretrekkjer partnerar med relativt like eller litt høgare skårar enn seg sjølv under dei fleste psykologiske kvalitetane, med unntak av nevrotisisme som nesten berre har låge korrelasjonar. Innan nevrotisisme finn ein høgst positiv statistisk korrelasjon mellom eigen og idealpartners impulsivitet ( $r = .34, p < .001$ ). Vidare indikerer resultatane verdsetjing av sosiabilitet ( $r = .60, p < .001$ ) og spenningsøken ( $r = .61, p < .001$ ), medan likskap i sjølvmarkering ( $r = .16, p < .001$ ) ikkje ser ut til å vektleggast i like stor grad i ekstroversjonsdomenet. Det er høge korrelasjonar mellom eigen og idealpartners estetikk ( $r = .68, p < .001$ ) samt idear ( $r = .61, p < .001$ ) og verdier ( $r = .59, p < .001$ ), medan korrelasjonskoeffisienten til følelsar ( $r = .16, p < .001$ ) er låg slik som fasettane i nevrotisisme. Omgjengelegheit er eit domene som skil seg ut med sine moderate til høge eller høge korrelat mellom egne og idealpartners kvalitetar innan alle fasettane, med altruisme som lågaste korrelat ( $r = .41, p < .001$ ). Til slutt syner tabellen låge til moderate korrelasjon i planmessigheitsdomenets fasettar, med kompetanse med lågaste ( $r = .13, p < .001$ ), og orden ( $r = .34, p < .001$ ) samt plikttruskap ( $r = .34, p < .001$ ) med høgst korrelasjonskoeffisientar.

## **Diskusjon**

### **Idealpartnerpreferansar og personlegdomstrekk**

Analysane syner tydelege tendensar til at idealpartnerpreferansar samsvarar med forskning på at menneskje gjerne er «samgifte» (Horwitz et al., 2023), då resultatane frå studien vår indikerer at likskap jamt over er ynskt i både Big Five-personlegdom og sosial dominansorientering. Denne tendensen inkluderer ekstroversjon, openheit, omgjengelegheit samt planmessigheit, og er særleg framtrødande for SDO med desidert høgst korrelat. Tendensen går derimot andre vegen i nevrotisisme, der det er lågast korrelat mellom sjølvvurdering og idealpartner. Det ser

altså også ut til at forskjellar er å føretrekkje, noko som understrekar ytterlegare under rapporterte effektstorleikar frå t-testar i den øvste tabellen ( $d = 1.14$ ). Resultata syner dermed tydeleg at nevrotiske trekk er noko det ser ut til å føretrekkjast mindre av i ein ideell partner. Desse funna samsvarar med forskning som allereie finnes på det psykologiske fagfeltet (Costa et al., 1991; Horwitz et al., 2023).

### *Nevrotisisme*

Studien samsvarar med anna forskning på feltet når det gjeld at individ stort sett føretrekkjer partnerar som er mindre nevrotiske enn dei er sjølve (Buss & Barnes, 1986). Noko som dømesvis kan forklare denne disassortative tendensen kan vere søken etter tryggleik og emosjonell stabilitet i ein partner, og dermed søkjer etter nokon som er mindre nevrotiske enn det ein sjølv er (Costa et al., 1991). Dette personlegdomstrekket har lågast korrelasjonar mellom eigen og idealpartners nevrotisisme på omlag alle fasettane, samanlikna med dei andre domenane. Resultata frå denne studien synte også tydelege ulikskapar mellom desse partane, sett i samanheng med dei andre Big Five-personlegdomstrekka, ettersom korrelasjonane var betydeleg sterkare i negativ retning innanfor respondentanes idealpartnerpreferansar enn i sjølvvurderingane deira. Dette bekreftar tendensen til ynsket om forskjell i nevrotisisme innan idealpartnerpreferansar ytterlegare. Motsetnader er altså også å føretrekkje i personlegdom, med stor forskjell mellom eigen og idealpartners nevrotisisme ( $d = 1.14$ ).

Det ser ut til å vere stor semje kring det å ønskje mindre nevrotiske trekk i ein partner, men personlegdomstrekket er ikkje naudsynlegvis uønskjeleg i ein partner av den grunn. Sjølv om høge nevrotisismeskårar blant anna indikerer høgare førekomst av emosjonell ustabilitet og negative kjensler (McCrae & John, 1992), kan dette også ha positive innverknader i dynamikken i relasjonar med andre. Likevel ser dette trekket ut til å vere meir verdsett i

allereie etablerte forhold, då dette kan resultere i enno djupare emosjonelle band mellom partnarar og dermed ha positiv effekt over tid (Mueller et al., 2021). Vidare kan dette tyde på at nevrotske kvalitetar, som blant anna støtte og emosjonelt engasjerande eigenskapar, kan vere relasjonelt fordelaktige, sjølv om dette personlegdomstrekket ikkje ser ut til å vere spesielt ønskjeleg i ein teoretisk ideell partnar.

### ***Ekstroversjon***

Likskapar i ekstroverte kvalitetar ser ut til å føretrekkjast i ein ideell partnar, både i denne og andre studiar, og gjeld særleg eigenskapar som inneber å vere sosial og spenningssøkande. Dette tydar på at ekstroverte individ tenderer i å preferere partnarar med liknande sosial dynamikk, då dette kan leggje til rette for moglegheiter for felles sosiale og livlege aktivitetar (Liu et al., 2018; Figueredo et al., 2006). Det ser ut til at menneskje ofte søker likskapar i dette trekket i partnarar, men forskning syner også små tendensar til at ekstroverte individ giftar seg med introverte individ (Watson et al., 2004). Dette kan potensielt botne i at eit balansert og komplementert samspel kan vere ønskjeleg, og vidare vere ein positiv motvekt om ein sjølv dømesvis har eit høgt aktivitetsnivå eller liknande. Resultata frå denne studien, som undersøker idealpartnarpreferansar i ein studentpopulasjon, ser ein iallfall ein moderat forskjell mellom eigen og idealpartnars ekstroversjon ( $d = .45$ ). Utover dette er det også tenkjeleg at dette trekket kan vere spesielt aspirert blant studentar, då denne livsfasa inneber mykje relasjonsbygging og sosial interaksjon. Ekstroverte personar trivst kanskje betre i studentaktiviteter, i tillegg til at dei moglegvis også deltek meir aktivt i universitetsmiljø, noko som kanskje kan vurderast som attraktivt i ein studentpopulasjon. Sjølv om mykje forskning bekreftar tendensen til å føretrekkje likskap i partnarar, er studiar med andre resultat med på å framheve viktigheita av å forstå variabiliteten og kor samansette menneskjes individuelle partnarpreferansar er.

## ***Openheit***

Mange prefererer partnerar med likskap i eller større grad av openheit til nye erfaringar. Dette syner både resultatata i denne studien, samt ei rekkje andre forskingsartiklar som rettar søkjeljoset mot menneskjes partnerpreferansar. McCrae og John (1992) skildrar personlegdomstrekket som eit slags mål på kor villig eit individ er til å oppsøkje nye eller ukjende erfaringar. Vidare inkluderer dette kunstnariske interesser samt annleis tankesett og kulturar, noko som ser ut til å vere kvalitetar mange føretrekkjer i ein idealpartner. Resultata frå denne studien underbyggjer dette, med moderate eller høge korrelat mellom nesten alle fasettane. Dei høge korrelasjonane mellom eigen og idealpartners estetikk, idear og verdjar i studien vår indikerer at dette er kvalitetar mange ønskjer høg grad av likskap i med ein potensiell romantisk partner. Vidare kan dette tyde på at likskap i kvalitetar som omfattar ein viss grad av kreativitet, nysgjerrigheit og intellekt er aspirerte i teoretisk ideelle partnerar. Slike psykologiske kvalitetar kan nemleg bidra til engasjerande samtaler samt utvida perspektiv i møte med nye opplevingar, noko som vidare kan gagne mellommenneskjelege relasjonar positivt (Watson et al., 2014). Eigen og idealpartners emosjonalitet ser derimot ut til å ha betydeleg lågare korrelat, noko som også samsvarar med Liu et al. (2018) sin studie. Dette kan potensielt skuldast underdimensjonens assosiasjon med nevrotiske kvalitetar, som ikkje ser ut til å vere spesielt ønskjeleg i idealpartnerpreferansar, då dette kan auke graden av instabilitet i romantiske relasjonar. Funna frå studien samsvarar også med assortativ paringsteori, med idealpartnerpreferansar som indikerer ønskje om likskap i denne openheitsdimensjonen i ein partner (Watson et al., 2004).

## ***Omgjengelegheit***

Alle dei psykologiske eigenskapane som inkluderast i dette personlegdomstrekket ser ut til å vere ønskjelege i ein idealpartner i denne studien. Dette støttast også av ei rekkje studiar på

feltet. Forsking syner nemleg at personar som kan reknast som omgjengelege også føretrekkjer høgare eller liknande nivå av dette trekket (Costa et al., 1991). Det at resultatane i studien syner moderate til høge eller høge korrelasjonar mellom eigne og idealpartners skårar under alle fasettane, tydar på at ønskje om likskap innan dette trekket spelar ei sentral rolle i menneskjes idealpartnerpreferansar. Dette kan vere fordi kvalitetar som inneber å opptre samarbeidsviljug, sympatisk og samvitsfull kan vere fordelaktige i eit romantisk forhold. Vidare kan desse fordelane innebere mindre konflikhtar og meir harmoni mellom partane (Watson et al., 2004). Rettframheit, beskjedenheit og følsemd var særleg framtrudande med sine høge korrelat i studien vår, noko som understrekar at dette personlegdomstrekket er viktig i vurderinga av ein idealpartner ytterlegare. Desse kvalitetane er også viktige for å bygge trygge og tillitsfulle mellommenneskjelege relasjonar. Det er brei fagleg semje om at omgjengelegheit er eit preferert trekk, men det kan likevel tenkjast at desse preferansane kan verdsettast ulikt i forskjellige kulturar. Nokre samfunn verdsett individualitet høgt, medan kollektivistiske kulturar pregast av gruppesamhald (Larsen et al., 2020). Dermed kan det tenkjast at underdimensjonane innan dette trekket vurderast ulikt i ein idealpartner, ut frå kva for kultur ein er ein del av. I kollektivistiske kulturar kan kanskje likskap i eller meir omgjengelege trekk vere prefererte i ein partner, ettersom evna til å integrere seg i grupper vil vere av større tyding enn i individualistiske kulturar. Individ frå individualistiske kulturar vurderer kanskje dette meir i ljøs av fordelene dei kan ha i utviklinga samt opprettholdinga av ein trygg og velfungerande romantisk relasjon. Uansett korleis desse underdimensjonane vurderast underbyggjer funna frå studien vår tendensen menneskje har til å føretrekkje likskapar, noko som også er i tråd med teorien om assortativ paring (Horwitz et al., 2023).

### ***Planmessigheit***

Studien vår syner at planmessige individ, som blant anna innehar kvalitetar som orden, pliktoppfylling og prestasjonsstreben, gjerne prefererer partnerar med høg grad av likskap eller litt høgare skårar på dette personlegdomstrekket. Dette stemmer overeins med andre studiar, som også syner same tendensar i studentars idealpartnerpreferansar (Liu et al., 2018). Anna forskning syner i tillegg samanhengen mellom idealpartnerpreferansar og faktisk forhold. Her kjem det blant anna fram ønskje meir planmessige partnerar, samstundes som dei faktiske partnerane bli vurdert relativt like seg sjølv (Figueredo et al., 2006). Ifølgje forskning ser nemleg kompatibilitet i verdiar og haldningar ut til å spele avgjerande roller partnerval (Watson et al., 2004), noko som også ser ut til å gjelde for tilnærmingar til kvardagslivet også. Planmessigheit er trossalt eit trekk som inkluderer kvalitetar som kan ha stor innverknad på kvardagens gjeremål, og kan kanskje difor vere av sentral tyding i jakta etter ein partner ein seinare potensielt skal dele økonomi, born og heim med. Likskap i dette trekket kan truleg bidra til ein enklare og mindre konfliktfylt kvardag i slike relasjonar, og dermed vere sentralt i menneskjes idealpartnerpreferansar. Dette byggjer ytterlegare opp under assortativ paringsteori, då individ ofte vel seg partnerar som har liknande psykologiske eigenskapar innan dette personlegdomstrekket også.

### **Idealpartnerpreferansar og sosial dominansorientering**

Resultata i studien illustrerer tydeleg at likskap i sosial dominansorientering peikar seg ut i idealpreferansar, med ein korrelasjon som er betydeleg høgare enn dei fem store personlegdomstrekkane i same tabell. Akkurat dette særskilde fenomenet i høve til partnerpreferansar er det tilsynelatande ikkje publisert studiar på per i dag, men forskning syner same tendensar når det gjeld homogenitet i politiske verdiar mellom partnerar (Horwitz et al., 2023). Likevel ser det ut til at ulikskapar i slike verdiar for nokon reknast som attraktive (Van

Duyn, 2024). Dette kan skuldast at forskjellar i politiske synspunkt kan leggje til rette for engasjerte samtaler og diskusjonar som kan vere verdifulle i eit parforhold, sett at dette er føretrekkje hjå baa partar. Det kan også tenkjast at personar med annleis tankesett, idear og politiske verdiar kan verke meir spanande samt komplementerende for individ med høge openheitsskårar, då dei gjerne er meir nysgjerrige og opne i møte med nye erfaringar.

Partnerpreferansane knytt til sosial dominansorientering i denne studien ville kanskje spelt seg ut annleis dersom Dark Triad-personlegdom og kjønn hadde vore inkludert, eller om studien blei utford i ein kultur som byggjer på grunntanken om «alle er sin eigen lykkes smed» framfor «frihet, likhet, brorskap». SDO-D kan nemleg relaterast til trekka i Dark Triad, altså narsissisme, psykopati og machiavellisme, og inneber synspunkt som omhandlar ønskjelegheit av aktiv undertrykking av nokre samfunnsgrupper (Kleppestø et al., 2020).

Likevel ser generelt sett likskap i politiske verdiar, som tidlegare nemnt, ut til å vere eit viktig korrelat mellom partnarar, noko som potensielt også kan overførast til dette fenomenet. SDO er altså eit tema som treng vidare forskning, for å få ei djupare og meir heilskapleg forståing av dens rolle i menneskjens partnarpreferansar.

### **Styrker og avgrensingar**

Både utvalsstrategien og den nettbaserte surveyen som vart nytta i prosjektet ber med seg både styrker og avgrensingar. Ettersom me skulle samle inn store mengder data på relativt kort tid, med mål om eit variert utval innan den valde populasjonen, vart tilgjengelegheitsutval nytta som innsamlingsstrategi. Sjølv om metoden er praktisk i høve til logistikk, deltakarane er lett tilgjengelege og difor økonomisk gunstig, kan den også svekke studiens representativitet og auke sannsynet for skeivskapar. Likevel vart tydelege rammer for innsamlinga følgd, der forskjellige studiar med ulik kjønnsfordeling vart inviterte frå ulike campus. Tiltak som dette er med på å redusere ikkje-representativiteten som kan oppstå ved



bruk av denne strategien, samt auke utvalets variabilitet. I tillegg til dette er det mogleg at ein viss konformitet kan oppstå om mange i ein sal ikkje skannar QR-koden, noko som vidare kan ha negativ innverknad på deltakartalet. Likevel enda me opp med eit stort utval ( $N = 637$ ), sjølv om det ikkje nådde målet på 1000 deltakarar. Denne konformiteten kan potensielt gå andre vegen også, der det at nokon skannar den også moglegvis kan skape ein slags dominoeffekt som gjer at fleire andre også deltek. Ein annan utfordring knytt til utvalsmetoden er at studentane potensielt kan føle seg pressa til å delta. Difor vart manus til invitasjonen og informasjonen om studien nøye planlagt i samarbeid mellom bachelorgruppa og rettleiarane, der etiske omsyn vart teke på alvor.

Ettersom utvalet i studien består av studentar, kan homogeniteten vere ein potensiell utfordring. Sjølv om studiens utval er relativt variert i den forstand at den omfattar studentar på tvers av ei rekkje ulike campus og studieprogram, vil det ikkje vere unaturleg å tenkja seg at aldersgruppa og livfasa til deltakarane kan vere relativt lik. Likevel er resultata samanlikna opp mot fleire andre studiar, og tendensane ser ut til å vere dei same. Funna som vert gjort i personlegdomspreferansar avviker ikkje frå funn i fleire andre studiar, som har vorte gjennomførde i annleis kulturar, samfunns- og aldersgrupper. Sjølv om fleire studiar utførde i andre populasjonar syner liknande tendensar når det gjeld samanhengar mellom personlegdomstrekk og partnerval, er det framleis utførde lite forskning på nettopp SDO i idealpartnarkontekst. Dermed er det ikkje mogleg å samanlikne funna opp mot tilsvarende studiar på feltet, og det er mogleg at studentpopulasjonen fargar resultata på ein måte som kan utfordre generaliserbarheita. Likevel samsvarar resultata overeins med likskapskorrelat mellom partnerar knytt til politiske verdiar (Horwitz et al., 2023). Utover dette er det viktig å understreke at dei statistiske korrelasjonane i studien ikkje avdekkjer kausale samanhengar.

Når det derimot gjeld surveyen, er denne utforma i tråd med validerte og påskjøna mål på både personlegdom og SDO, kan studien framleis møte på utfordringar som kan påverke

dens reliabilitet, validitet og generaliserbarheit. Det er fordelaktig at denne er kostnadsgunstig, enkel å gjennomføre og legg til rette for effektiv kvantifisering samt analysing av dataene. Det er også enklare å ivareta forskingsobjektas personvern, ettersom slike spurnadsskjema enkelt kan gjerast heilt anonyme å gjennomføre. Surveyen var også tidseffektiv for deltakarane å besvare, noko som vidare aukar sannsynet for at heile undersøkinga gjennomførast. Alle spurnader og svarmoglegheiter følgde reliable og valide måleinstrument, men studiens funn kan potensielt bere preg av sjølvrapporteringsbias som kan prege studiens representativitet. Dømesvis kan respondentar ha svart ut frå sosial ønskjelegheit, noko som vidare kan ha leidd til skeivskap i resultata (Langdridge, 2006). Dette kan vidare redusere studiens reliabilitet og validitet, men også dens evne til å generaliserast (Meltzoff & Cooper, 2018). Delen om sosial dominansorientering kan kanskje særleg vere utsett for dette, då sterke sosiale og etiske normer kan påverke svarærlegdomen, innan spørsmål som måler medkjensle med uteliggjarar eller liknande. Likevel kan anonymiteten og den randomiserte rekkjefølgja på spurnadene gjere det lettare for respondentane å svare ærleg. Ein annan utfordring i høve til skeivskapar er at nokon kanskje deltek kun for å delta i trekninga om gåvekort eller liknande, og dermed har veldig homogene eller konsekvente svar, men desse vart identifiserte i SPSS og ekskluderte frå vidare analysar.

### ***Behov for vidare forskning***

Studios faglege grunnlag er breitt for personlegdom og partnerpreferansar, men det ser ikkje ut til å gjelde sosial dominansorientering. Difor vil meir komplekse studiar på SDO og partnerpreferansar vere naudsynt for å få ei meir heilskapleg forståing av dets tyding i individs val av partner. Det er mogleg at utfallet kan sjå annleis ut dersom ein inkluderer kulturelle og kjønsmessige faktorar. Ettersom SDO er eit såpass nytt tema innan psykologien vil det vere vanskeleg å konkludere med at menneskje tenderer i å føretrekkje partnerar med

relativt like skårar, då dette ikkje kan samanliknast med andre studiar på nettopp dette.

Utvalet er også nokså ungt, så etterprøving av studien i andre utval vil vere verdifullt for ei betre teoretisk forståing av fenomenet i idealpartnersamanheng.

## **Konklusjon**

Denne studien har undersøkt samt identifisert likskapar og forskjellar i idealpartnerpreferansar i Big Five-personlegdom og sosial dominansorientering. Dette vart gjennomført ved hjelp av ei digital undersøking utført i eit utval bestående av studentar ved NTNU Trondheim, med vidare analysar av datamaterialet med SPSS. Resultata frå prosjektet syner klare tendensar i ønskje om mest mogleg likskapar mellom eigne og ideell partners i både personlegdom og SDO. Det einaste trekket som avviker er nevrotisme, der det ser ut til at det føretrekkjast med lågare skårar i ein idealpartner enn seg sjølv. Det er viktig å sannkjenna at denne studien ber med seg avgrensingar, og at meir omfattande forskning på feltet trengs. Dette gjeld særleg SDO, ettersom dette fenomenet tilsynelatande ikkje er forska på i idealpartnarkontekst. Meir kompleks forskning som undersøker lik- og ulikskapar i partnerpreferansar i ljøs av Dark Triad, Big Five-personlegdom og SDO i andre samfunnsgrupper og kulturar, kan difor vere nyttig for å få ei meir heilskapleg forståing av kor sentralt fenomenet er i menneskjes partnerval. Avslutningsvis kan det konkluderast med at det ser ut til at like born generelt sett leikar best, men at forskjellar tiltrekkast i den forstand at menneskje tenderer i å føretrekkje partnerar som er mindre nevrotiske enn seg sjølve.

## Referansar

- Botwin, M. D., Buss, D. M., & Shackelford, T. K. (1997). Personality and Mate Preferences: Five Factors In Mate Selection and Marital Satisfaction. *Journal of Personality*, 65(1), 107–136. <https://doi.org/10.1111/j.1467-6494.1997.tb00531.x>
- Buss, D. M. (1985). Human Mate Selection: Opposites are sometimes said to attract, but in fact we are likely to marry someone who is similar to us in almost every variable. *American Scientist*, 73(1), 47–51.
- Buss, D. M., & Barnes, M. (1986). Preferences in Human Mate Selection. *Journal of Personality and Social Psychology*, 50(3), 559–570. <https://doi.org/10.1037/0022-3514.50.3.559>
- Buss, D. M., & Schmitt, D. P. (1993). Sexual Strategies Theory: An evolutionary perspective on human mating. *Psychological Review*, 100(2), 204–232. <https://doi.org/10.1037/0033-295X.100.2.204>
- Conroy-Beam, D., & Buss, D. M. (2016). Mate Preferences. I T. K. Shackelford & V. A. Weekes- Shackelford (Red.), *Encyclopedia of Evolutionary Psychological Science* (s. 1-11). Springer International Publishing. [https://doi.org/10.1007/978-3-319-16999-6\\_1-1](https://doi.org/10.1007/978-3-319-16999-6_1-1)
- Costa Jr, P. T., & McCrae, R. R. (1995). Domains and Facets: Hierarchical Personality Assessment Using the Revised NEO Personality Inventory. *Journal of Personality Assessment*, 64(1), 21–50. [https://doi.org/10.1207/s15327752jpa6401\\_2](https://doi.org/10.1207/s15327752jpa6401_2)
- Costa, P. T., McCrae, R. R., & Dye, D. A. (1991). Facet Scales for Agreeableness and Conscientiousness: A Revision of the NEO Personality Inventory. *Personality and Individual Differences*, 12(9), 887–898. [https://doi.org/10.1016/0191-8869\(91\)90177-D](https://doi.org/10.1016/0191-8869(91)90177-D)
- Dibaj, F. S., Etemadi, O., Bahrami, F., Abedi, M., & Fatehizade, M. (2014). An investigation

on mate preferences with emphasize on the role of personality characters.

*International Journal of Industrial Engineering Computations*, 4(2), 207–212.

<https://doi.org/10.5267/j.msl.2013.12.038>

Fernandes, H. B. F., Kennair, L. E. O., Hutz, C. S., Natividade, J. C., & Kruger, D. J. (2016).

Are Negative Postcoital Emotions a Product of Evolutionary Adaptation?

Multinational Relationships With Sexual Strategies, Reputation, and Mate

Quality. *Evolutionary Behavioral Sciences*, 10(4), 219–244.

<https://doi.org/10.1037/ebs0000050>

Fletcher, G. J. O., Simpson, J. A., Thomas, G., & Giles, L. (1999). Ideals in Intimate

Relationships. *Journal of Personality and Social Psychology*, 76(1), 72–89.

<https://doi.org/10.1037/0022-3514.76.1.72>

Figueredo, A. J., Sefcek, J. A., & Jones, D. N. (2006). The ideal romantic partner personality.

*Personality and Individual Differences*, 41(3), 431–441.

<https://doi.org/10.1016/j.paid.2006.02.004>

Ho, A. K., Sidanius, J., Kteily, N., Sheehy-Skeffington, J., Pratto, F., Henkel, K. E., Foels, R.,

& Stewart, A. L. (2015). The Nature of Social Dominance Orientation: Theorizing and

Measuring Preferences for Intergroup Inequality Using the New SDO7 Scale. *Journal*

*of Personality and Social Psychology*, 109(6), 1003–1028.

<https://doi.org/10.1037/pspi0000033>

Horwitz, T. B., Balbona, J. V., Paulich, K. N., & Keller, M. C. (2023). Evidence of

correlations between human partners based on systematic reviews and meta-analyses

of 22 traits and UK Biobank analysis of 133 traits. *Nature human behaviour*, 7(9),

1568–1583. <https://doi.org/10.1038/s41562-023-01672-z>

Jones, A. G., & Avise, J. C. (2001). Mating systems and sexual selection in male-pregnant

- pipefishes and seahorses: insights from microsatellite-based studies of maternity. *Journal of Heredity*, 92(2), 150-158.
- Kennair, L. E. O., Wade, T. J., Tallaksen, M. T., Grøntvedt, T. V., Kessler, A. M., Burch, R. L., & Bendixen, M. (2022). Perceived Effectiveness of Flirtation Tactics: The Effects of sex, Mating Context and Individual Differences in US and Norwegian Samples. *Evolutionary Psychology*, 20(1), 14747049221088011–14747049221088011. <https://doi.org/10.1177/14747049221088011>
- Kleppestø, T.H., Eftedal, N.H., Thomsen, L. (2020). Social Dominance Orientation (SDO). In: Shackelford, T., Weekes-Shackelford, V. (eds) *Encyclopedia of Evolutionary Psychological Science*. Springer, Cham. [https://doi.org/10.1007/978-3-319-16999-6\\_2602-1](https://doi.org/10.1007/978-3-319-16999-6_2602-1)
- Langdridge, D. (2006). *Psykologisk forskningsmetode: En innføring i kvalitative og kvantitative tilnærminger*. (P. Røen, Omset.) Fagbokforlaget.
- Larsen, R., Buss, D., Wismeijer, A., Song, J., & van den Berg, S. (2020). *Personality Psychology: Domains of Knowledge about Human Nature (3. utg.)*. McGraw Hill.
- Liu, J., Ludeke, S., Haubrich, J., Gondan-Rochon, M., Zettler, I., & Wrzus, C. (2018). Similar to and/or Better than Oneself? Singles' Ideal Partner Personality Descriptions. *European Journal of Personality*, 32(4), 443–458. <https://doi.org/10.1002/per.2159>
- Maples-Keller, J. L., Williamson, R. L., Sleep, C. E., Carter, N. T., Campbell, W. K., & Miller, J. D. (2019). Using Item Response Theory to Develop a 60-Item Representation of the NEO PI-R Using the International Personality Item Pool: Development of the IPIP-NEO-60. *Journal of Personality Assessment*, 101(1), 4–15. <https://doi.org/10.1080/00223891.2017.1381968>
- McCrae, R. R., & John, O. P. (1992). An Introduction to the Five-Factor Model and Its

- Applications. *Journal of Personality*, 60(2), 175–215. <https://doi.org/10.1111/j.1467-6494.1992.tb00970.x>
- Meltzoff, J., & Cooper, H. (2018). *Critical thinking about research: Psychology and related fields* (2nd ed.). American Psychological Association. <https://doi.org/10.1037/0000052-000>
- Mueller, S., Wagner, J., Hueluer, G., Hoppmann, C. A., Ram, N., & Gerstorf, D. (2021). Moody and thin-skinned? The interplay of neuroticism and momentary affect in older romantic couples. *The British Journal of Psychology*, 112(1), 315–341. <https://doi.org/10.1111/bjop.12452>
- Personopplysningsloven. (2018). Lov om behandling av personopplysninger (personopplysningsloven). (LOV-2018-06-15-38). Henta frå <https://lovdata.no/pro/#document/NL/lov/2018-06-15-38/§8>
- Petrie, M., Tim, H., & Carolyn, S. (1991). Peahens prefer peacocks with elaborate trains. *Animal Behaviour*, 41(2), 323–331. [https://doi.org/10.1016/S0003-3472\(05\)80484-1](https://doi.org/10.1016/S0003-3472(05)80484-1)
- Sidanius, J., Cotterill, S., Sheehy-Skeffington, J., Kteily, N., & Carvacho, H. (2016). Social dominance theory: Explorations in the psychology of oppression. I C. G. Sibley & F. K. Barlow (Red.), *The Cambridge handbook of the Psychology of Prejudice* (pp. 149–187). Cambridge: Cambridge University Press.
- Suls, J., & Martin, R. (2005). The Daily Life of the Garden-Variety Neurotic: Reactivity, Stressor Exposure, Mood Spillover, and Maladaptive Coping. *Journal of Personality*, 73(6), 1485–1510. <https://doi.org/10.1111/j.1467-6494.2005.00356.x>
- Van Duyn, E. (2024). Negotiating News: How Cross-Cutting Romantic Partners Select, Consume, and Discuss News Together. *Political Communication*, 41(2), 224–243. <https://doi.org/10.1080/10584609.2023.2270445>
- Walter, K. V., Conroy-Beam, D., Buss, D. M., Sorokowska, A., Sorokowski, P., Aavik, T.,

Akello, G., Alhabahba, M. M., Alm, C., Amjad, N., Anjum, A., Atama, C. S.,  
Atamtürk Duyar, D., Ayebare, R., Batres, C., Bendixen, M., Bensafia, A., Bizumic, B.,  
Boussena, M., ... Carrier, A. (2020). Sex Differences in Mate Preferences Across 45  
Countries: A Large-Scale Replication. *Psychological Science*, 31(4), 408–423.  
<https://doi.org/10.1177/0956797620904154>

Watson, D., Beer, A., & McDade-Montez, E. (2014). The Role of Active Assortment in  
Spousal Similarity. *Journal of Personality*, 82(2), 116–129.  
<https://doi.org/10.1111/jopy.12039>

Watson, D., Klohnen, E. C., Casillas, A., Nus Simms, E., Haig, J., & Berry, D. S. (2004).  
Match Makers and Deal Breakers: Analyses of Assortative Mating in Newlywed  
Couples. *Journal of Personality*, 72(5), 1029–1068. [https://doi.org/10.1111/j.0022-  
3506.2004.00289.x](https://doi.org/10.1111/j.0022-3506.2004.00289.x)



